

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2023

APRIL

Grunnlagt 1938

84. årgang



God påske!

Frå redaksjonen

Ein redusert redaksjon står bak dette nummeret av Hyrdingsrøysta, men med god hjelp har vi fått det til.

Innleiinga kan verke forvirrande, og treng å utdjupast. Søndag 5. mars døydde bladstyrar Hallstein Dvergsdal. Hallstein var glad i arbeidet med kyrkjebladet, og la ned mykje og godt arbeid for at kvart nummer som kom ut skulle vere tiltalande og opplysende. Vi har store sko å fylle, vi som kjem etter, men vi veit at det var viktig for Hallstein at dette arbeidet held fram. Vi som er og har vore i redaksjonen saman med Hallstein, skuldar han ei stor takk, det gjer og sokneråda i Jølster og alle lesarane. Vi minnest han med vyrndnad.

I julenummeret av Hyrdingsrøysta vart de kjende med at Bjørg Dvergsdal slutta i redaksjonen. Vi har fått med ein ny dugande person i redaksjonen; Ingrid Søyland.

Påska tek vi vel imot kvart år. Den kjem på ei tid der nytt liv dukkar opp over alt, i fjøs, i skogen og i snøfrie blomsterbed, sola er komen tilbake og dagane vert lange og lyse. Påskebodskapen blir vi mint på, og det er viktig. Vi i redaksjonen skal ikkje gjere oss betre enn at vi vedgår at det kan vere er vanskeleg å velje mellom kyrkjegang og påsketur i nydeleg vær. Men ei gudsteneste varer maks 1–1 ½ time, så vi kan greie begge deler. Uansett er det positivt å nyte naturen, ferien og høgtida. Det er viktig å samle krefter til nye arbeidsdagar og andre oppgåver som heile tida ventar.

Påska er, som dei andre høgtidene, tradisjon. Tradisjonane er ikkje like frå stad til stad. Dei byggjer på opplevingar som vert repetert over tid, gode eller dårlege. Mange tek like godt vare på mindre gode tradisjonar



Ungdomane i Jølster gjer seg kjende med den nye bibelutgåva.

som gode tradisjonar, for i framtidig tidsakse kan det vere vanskeleg å vite kva som er godt og ikkje. Her viser ein til media sine oppsummeringar frå påskefeiring over heile verda. Sjølv ein stad der det er krig og ufred, klamrar folk seg til tradisjonane sine, kan hende er det akkurat tradisjonane som held dei oppe. Det går og an å lage nye tradisjonar, men det tek litt tid, Nokre av oss strittar imot det nye, medan andre hoppar i det og får det til.

Bibelen kjem i fornya utgåve, det har ungdomar i Jølster opplevd. Ein del av dei har fått biblar i teikneserieutgåve, noko som for dei er spennande og bryt med den tradisjonelle bibelen. Redaksjonen har ikkje gjort seg kjend med den nye bibelen, men vil gjere det for å vere med og sjå utviklinga.

Redaksjonen vil ynskje dykk alle ei god påske!



! Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80
Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.
post.jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180
E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:
Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:
Astrid Aardalsbakke Feldt
☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo
Kontortid etter avtale
☎ 473 99 492
silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye
Kontortid tysdagkl. 9–15
post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje
Sissel Vartdal
☎ 489 91 257
sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje
Trond Herløusund
☎ 489 58 086
trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik
☎ 99127430
rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner
Kontortid etter avtale
☎ 489 58 165
ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal
☎ 97 64 90 16
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei
☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter
☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

Tekst GEIR SØERBØ Foto: KIRKEN.NO

Fornufta sin stein

Eg hugsar frå ei avis for mange år sidan ei teikning av to naboar som stod og snakka saman. I snakkebobla til den eine stod det skrive: «Fornuften min hindrar meg i å tru». Kommentaren frå naboen var: «Det var då eit veldig lite hinder».

Men faktum er vel anten vi har stor eller liten fornuft at vår kunnskap og erfaring er eit avgjerande hinder for å tru at Gud er verkeleg og at han er verksam i vår verd og i mitt liv. Har eg ein god grunn til å tru at det er ein Gud som høyrer mine bønner? Er det noko erfaring som tilseier at vi har ein Gud som styrer utviklinga i verda? Er det noko som tilseier at vi ut frå nåden i Jesus Kristus kan vente oss eit liv etter døden? Slike tankar kan ligge der som ein tung stein som stengjer for trua. Ein stein som er umogeleg å flytte.

Alle evangelistane fortel om den store steinen som stengde opninga til Jesu grav. Det var ingen tilgang til Jesus meir.

Men påskemorgon var steinen brått velta til sides. Matteus seier det var ein engel frå himmelen som hadde rulla han vekk. Og så får disiplane møte den oppstadne Jesus. Dei får ei ny tru.

Det er nok slik framleis. Det er Jesu oppstode som forandrar alt. Det er i møte med den



oppstadne Jesus at erfaringane og fornufta sin stein vert sett til sides. Det er til og med nokre av oss som har opplevd at fornufta sin stein ikkje lenger er så tung.

Geir Sørebo
www.worshippinginthenature.com

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

(mellombels)

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland

epost: hildegso@online.no

Neste nr. kjem i juni

FRISTAR:

for levering av stoff til dei neste utgåvene i 2023 er:

Sommarnummeret:

- frist 6. juni

Haustnummeret:

- frist 12. september

Julenummeret:

- frist 21. november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det Kolbjørn Bergset som presenterer eit dikt han er glad i.

Eg har fanga opp eit dikt, eller det kan kallast vise. Tittelen er «Vers til ettertanke». Dette er ikkje eit djuptpøyande verk, men det minner oss på daglege ting i kvardagen, spesielt til dei av oss som er komne til skjels år og alder. Eg har blitt umåteleg glad i diktet, og fekk lyst til å dele det med andre. Forfattar er ukjend.

På ein sydentur til Kypros var eg ein dag innom sjømannskyrkja i Ayia Napa. Der var òg eit reisefylgje frå Sotra Røde Kors. Dei hadde kopiert opp dikt og songar til bruk i kyrkja og på turar. Eg snappa med meg dette diktet.

Diktet er finast når ein syng det som ei vise. Synging har eg alltid likt. Mor mi var også veldig glad i song og musikk og gjekk ofte og nynna og song, både på kjøkkenet og i fjøsstellet. Dette har påverka mi songglede, og er ein god arv å ta med seg. Å vere med i korsong er triveleg og sosialt. Det var ei fin tid i Jølstrakoret, og no i Førde Seniorkor, som også gjev trivsel og samvær. Dette er god medisin, spesielt for oss aleinebuande. Eg kjem alltid heim frå øvingane i godt humør.



Kolbjørn Bergset har valt seg eit dikt som han fann i sjømannskyrkja i Ayia Napa på Kypros.

Vers til ettertanke

Melodi: Blåveispiken

Vi går og ruslar med stav i handa
og ser på livet som fer forbi.
Vi nyter blomster og tre og anna
som varmar meir enn i ungdomstid.

Vi gler oss dagleg til morgonkaffi
og nyter stilla i morgonstund.
Dei andre hastar av stad til arbeid
slik som vi gjorde då vi var ung.

Vi går og ruslar og ser på livet
og minnest ungdom og vaksne år.
Det er så mangt vi med glede minnest
sjølv om det også var harde kår.

Vi trudde livet det skulle vare
fram mot dei hundre og meire til,
At hand og føter dei skulle klare
det same kjør dei var vande til.

Men ryggen krøknar og musklar stivnar
og gikta sit'e i fot og hand,
Og synet sviktar og hørsel minkar,
enda vi stretar så godt vi kan.

Vi stabbar stivbeint på dansegolvet
med tru på styrke og spretne sprell,
Men jammen hadde vi nær på kolve,
så kanskje er vi litt gamle lell?

Dei unge kallar oss frykt'leg teite
og treg i skolten og dumme ting,
Men sikkert trur eg dei skal få leite
før slik ein visdom og kløkt dei finn.

Vi går og ruslar så full av visdom
med milde tankar om mann og møy.
Vi kjenner livet frå barn til vaksen,
for alt det her har vi opplevd sjølv.

Utdrag av årsmeldingane frå sokneråda i Ålhus og Helgheim

Utdrag av årsmeldingane frå sokneråda i Ålhus og Helgheim.

Ålhus: Rådet sitt arbeid

Ålhus sokneråd har handsama 31 protokollførte saker, og 43 fellessaker saman med Ålhus og Helgheim sokn. Begge sokna ser positivt på å ha fellesmøte.

Av saker i 2022 nemner vi:

- Vikar for klokkar og gjennomgang av klokkaroppgåver
- Andaktene på omsorgssenteret på Vassenden
- Juletefest 4.juledag
- 20-årsjubileum for Vassenden kyrkjesenter
- Medlemskap i foreininga Vassenden kyrkjesenter
- Soknerådsvalet 2023
- Bruk av kulturmidlar frå OVF (Opplysningsvesenets fond) og trusopplæringsmidlar
- Oppretting av 20 % stilling innan barne- og ungdomsarbeid med fokus på kor (foreløpig eit vikariat)
- Val av biskop i Bjørgvin
- Innkjøp av el-piano til bruk i kyrkjene i Jølster. Hovudplassering i Ålhus kyrkje

Helgheim: Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 37 bokførte saker, og 43 fellessaker saman med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2022 nemner vi:

- Markering av ny kunst i kyrkja
- Kulturkveldar i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi
- Fasteaksjon digitalt, Kirkens nødhjelp
- Gudstenesteplan
- Generasjonsgudsteneste
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet
- Oppretting av 20 % stilling innan barne- og ungdomsarbeid med fokus på kor (foreløpig eit vikariat)
- Innkjøp av el-piano til bruk i kyrkjene i Jølster. Hovudplassering i Ålhus kyrkje
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)
- Val av biskop i Bjørgvin
- Soknerådsval 2023

Faste saker kvart år i begge sokna: årsmelding, rekneskap, budsjett, møte- og gudstenesteplanar, offertdeling, fasteaksjon, kyrkjelydstur, konfirmantfest, 50-årskonfirmantjubileum, soknadar om støtte, løyvingar m.m.



Konfirmantane i Ålhus sokn. Vassenden kyrkjesenter 8. mai og Ålhus kyrkje 26. mai

Foto: Helle foto

Sist var namna på konfirmantane i Ålhus skrive så smått at vi tek det igjen i dette nummeret: Bak frå venstre: Ola Sunde Farsund, Sebastian Årdal Kongsvoll, Erlend Mangersnes, Charis Giamsanmaang, Lukas Reite-Bjellaas, Odin Gjesdal Fagerheim, Linnea Eikefjord Holen, June Adriana Klubben, Bertine Randal Slåtten, Linnea Ekreskar Vaulen, Maria Grimsbø Berg, Amanda Grimsbø Berg, Mina Støfring Ulvestad, Emeline Grønli Ødegaard, Nora Tveit, Christina Tennebø Myrhol. Framme frå venstre: Sokneprest Silje Sørebo, Oliver Gaare Mo, Ard Ragnar Sundal, Aslak Eikås, Olav Nojosa Flatabø, Kjetil Aaroen Taklo, Jarand Mathias Håheim, Anders Finland Stadheim, Emerense Sandal, Ingrid Svidal Myhren, Maria Segrov, Aylin Myrvang.

Medarbeidarfest



Deler av sokneråda underheld med sjølv laga song.

Sokneråda i Jølster har brukt å ha ein medarbeidarfest kvart 2. år. Ein gong på Vassenden Kyrkjeseenter og ein gong på Skei Misjons-hus.

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Foto: REIDAR HELGHEIM

Sokneråda i Jølster har brukt å ha ein medarbeidarfest kvart 2. år. Ein gong på Vassenden

Kyrkjeseenter og ein gong på Skei Misjons-hus. Denne festen er for alle som har med-verka med arbeid, dugnad, leiarar og med-hjelparar for grupper, vedlikehald av hus som kyrkja nytta m.m. Målet med denne festen er å treffast og bli kjent, prate i lag, etc og lett underhaldning. Og ikkje minst få sende ein takk til alle.

I år vart denne festen laga til på Skei Misjons-hus den 17. februar.

Av dei som var innbedne møtte 65.

Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar i Helgheim sokneråd, leiar festen, og fleire frå sokneråda deltok med anna arbeid. Det vart servert betasuppe laga på Stardalen Sommarkafe og kaffi og kaker kjøpt eller laga av soknerådsmedlemmer.

I 2022 fekk vi nytt kyrkjeverje Sissel Vartdal, og ho presenterte seg på medarbeidar-festen med å fortelje litt om seg sjølv og det arbeidet ein kyrkjeverje skal utføre saman med dei andre tilsett i kyrkja, så var det song



Vår nye kyrkjeverje Sissel Vartdal presenterte seg sjølv og arbeidet sitt.



Nokre av dei tilsette drog i gong ein sluttsalme.



Kviss ved Anny Aud Tveit Solheimsnes Nina Årset Solhem.



Far og dotter Myklebust Bakke spelar fløyte.

av og til medarbeidarane og tisetse samt kviss.

Praten gjekk lett og kvelden gjekk fort noko som tydar på at alle kosa eg. Her er nokre bilde frå festen, som fortel det meste.



Isak Nordgulen syng og spelar gitar.

Song til medarbeidarfesten

Silje med sin hær over Jølster drog
Med dugnad og hjelp til både liten og stor.
De snekrar og bakar og ryddar og rakar
Til glede for all her i bygda vår.

Og Astrid med sin gjeng her i øvre grend.
Ho kallar inn til møte med saker i fleng.
Ved ende av vatnet, med Irene ved rattet.
Blir dette til saman «Jølster sokneråd».

Ein fine kyrkjegard, når ein vitjar ei grav.
Ei lun og ryddig kyrkje, når ein samkome har
Så dåps følgje skal trivast, og gravfølgje få kvile
For brur og brudgom pynta, til deira store lag.

Alle dei som ynskjer å bruke våre hus.
Skal føle at dei inn er velkomne på sin tur.
Om benkar er litt harde, er det lite anna gale
De alle passar på, at ein trygt rundt kan gå.

Vi vil så gjerne takke kvar enkel her i kveld
For at de stiller opp og hjelper til så det held.
Velkommen skal du vere, denne kvelden er til ære
For deg vår kjære gjest, har vi laga denne fest.

Digitale ressursar

Dagens bibelord som lydfil blir publisert kl. 03.00 kvar morgon på bibel.no

Forstå bibelen med video bibel.no podkast, bibelbølger, dagens bibelord.

Podkasten: iTunes
Spotify
Lastbox

bibleProject: Forstå bibelen med video: Bibelsk ressursbank med korte animerte

filmar. Filmene ligg ute på youtube. Søk dei opp på bibleproject.com eller på bibel.no

Podkastar: troogmedier.no

itro.no

vl.no

no.player.fm

playerFM – podkast applikasjon: ein app som gjev deg høve til å søke på svært mange podkastar gratis.


LITT FOR ALLE, MEST FOR BARN

Bibelske namn


i samband med påsketekstar i bibelen.

- 1 Etpre _____
- 2 Usejs _____
- 3 Ramai _____
- 4 Latagog _____
- 5 Masto _____
- 6 Lpifi _____
- 7 Daujs _____
- 8 Lasutip _____

HOS SNIKKAREN



Kor mange snikkarreiskap ser du her?



Kor lang er elefanten?

Salmeverset

Sett inn dei ord som manglar i dette verset:

Påskemorgon _____

slukker sorgen til _____

den har oss givet: _____

lyset og livet i _____

_____ slukker sorgen til evig tid

Løysingar frå julenummeret:



Hildegunn og Bjørg er komne i julestemning, men er vorte overivrige med pyntinga. Kan du finn ti ting som ikkje har noko i forteljinga om Jesus fødsel å gjere?

Løysing: *Bil, barnevogn, juletre, vask, politi, paraply, aligator, el linje, antenne, sjåfør.*

Trekantkryss

	1	2	3	4	5
1	P	E	T	E	R
2	E	S	A	U	
3	T	A	L		
4	E	U			
5	R				

Løysingane skal verte dei same både vassrett og loddrett.

- Ein av læresveinane til Jesus
- Namn frå bibelen.
- Siffer.
- Union
- Bokstav



Svar:
84 år

KOR GAMMAL ER MANNEN?
Legg saman alle tala, så får du sjå. Han er nok eldre enn han ser ut til, denne karen!

Bibel-quiz

- Kvar i Bibelen kan vi lese om jesu fødsel? **Lukasevangeliet**
- Kva heitte dei tre vise menn? **Kaspar, Melkior og Baltasar**
- Kva heiter julesongen der vi syng -vise menn frå austerland, ferdastaven tek i hand? **Deilig er den himmel blå**
- Kva heiter julesongen der dei har vaska golvet og bori ved? **Julekveldsvisa**
- Kva heiter den norske forfattaren som har skrive mange songar som mellom anna «Musevisa»? **Alf Prøysen**
- Kva heitar den lengste elva i verda? **Nilen**
- Kva er ein metropol? **By**
- Kor mange evangelier er det i Bibelen? **Fire**

KYRKELYDSTUR 2023:

Pinsafta 27. mai vert det kyrkjelydstur til Dragseidet i Selje

«Ut på tur, aldri sur». Jølstringane har vore på mange fine kyrkjelydsturar. Kinnaspelet, Seljemanamesse, «heim» til Sørebø, Urnes og Orheimtunet. I år går turen til Dragseidet og spelet «på Sverdeggja». Vi kan kanskje seie at det var her Jølster vart kristna i år 997. Soga seier at då kristna Olav Trygvason fire fylke.

Tekst og foto:
STEINAR DVERGSDAL



Dragseidespelet på Sverdeggja.

Dragseide ligg i Selje i Stadt Kommune. Staden skal vere eit skar som ein somme tider drog båtane over for å unngå det farlege Stadthavet

Turen går som vanleg med buss frå Skei. Alle er hjarteleg velkomne til å vere med. Oppmøte på Firda Billag-tomta kl 09.00 27. mai.

Meld deg på til Kyrkjekontoret telefon 57 82 81 80 eller e-post post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Året er 997

Kong Olav Tryggvasson har kalla menn frå fire fylke saman til ting på Dragseidet.

Der møtest dei, kongshæren og bondehæren med menn frå dei fire fylka Firda, Sygna, Sunnmøre og Raumdøla fylke. Med seg har Kongen 'den nye trua'; kristendomen. Beskjeden til dei heidenske vikingane er klar: Ta i mot trua, eller kjemp ein dødens kamp mot Kongen sin sterke hær av kristne soldatar.

Dragseidspelet «På Sverdeggja» er eit friluftsspel med bak-

grunn i Kong Olav Tryggvasson si kristning av fire fylke, som i følgje historia skal ha funne stad på Dragseidet på Stadlandet i år 997. Spelet er skriva av Rolf

Losnegård og vart for første gong presentert ved det storstilte 1000års-jubileet for hendinga i 1997. Eit vikingtun vart bygd opp på staden der hendinga etter

segna skal ha funne stad. Rundt 8000 menneske såg jubileumsforestillingane, som vart opna av Hans Majestet Kong Harald. Sidan jubileet i '97 har Dragseidspelet blitt synt 13 gongar, og i høve jubileet i 2011 tok Losnegård pennen fatt og tok spelet til nye høgder med ein ny rollefigur og ein marknad i forkant av spelet.

Den historiske kjelda til spelet ligg i Snorre og i Dagfred Berstad si omsetjing av delar av Flatøyarbok frå islandsk til norsk. Her ligg også grunnlaget for historia om hovudpersonen i spelet, Ragnvald frå Ervik på Stadlandet. Ragnvald er ein høgt akta stormann. Som Kongen sin fange spelar han, og familien hans, ei framtrekande rolle i handlinga.

Dramaet balanserer på sverdeggja, frå klingande sverd til opprivande, sterke kjensler og kjærleik.



Her kristna Olav Trygvason fire fylke

SOKNERÅDSVALET 2023

Det er viktig at du er med å bestemmer kven som skal styre kyrkjene våre

Den 11. september er det kommune- og fylkestingsval, men det er også val av nye sokneråd.

På valdagen kan alle medlemmar i Den norske kyrkja vere med å velje kven som skal vere styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed kyrkjemøtet; kyrkja sitt «Storting».

Nominasjonskomiteane arbeider no med å sette opp lister over kandidatar til sokneråda. Kyrkja har bruk for styre som er samansett av menneske med ulike alder og erfaring. Ver frimodig, sei ja til å bli med om du bli spurt. Foreslå andre eller deg sjølv enten du ønskjer i bidra i soknerådet eller med andre oppgåver.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars. Kven som helst av medlemmane i soknet kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvalet så lenge forslaget er skreve under av 10 personar med stemmerett. Nominasjonskomiteen si liste kan medlemmane også supplere med eit ekstra namn i perioden 2. -15. mai, men det må vere fem medlemmer med stemmerett som saman foreslår ein kandidat som då vil kome med på lista til valet.

Soknerådet sine oppgåver kan vere vidt-femnande som gudstenester, dåp og konfirmantundervisning, diakoni, musikk, barne-



11. september er det soknerådsval, samtidig som det er kommune- og fylkestingsval. Då kan alle vere med å avgjere kven som skal styre kyrkjene våre, som her Helgheim kyrkje ein sein kveld.

og ungdomsarbeid, og anna frivillig arbeid. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

På sjølve valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du stemme

på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsstemme digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemmer som fyller 15 år eller er eldre har stemmerett.

Informasjon om kyrkjevalet finn du på nettsida www.kirkevalget.no.

Nytt frå sokneråda i Jølster 1. kvartal 2023

Budsjett for sokneråda er viktige saker, og dei har vorte laga av kyrkjekontoret og så har sokneråda arbeidd seg gjennom dei og gjort ev. moglege og ønskje endringar. Kvart av sokneråda i Jølster har så vedteke budsjetta og etter drøfting i fellesmøte.

Kvart år er det fasteaksjon som prest og konfirmantar styrer, med hjelp av nokre frå sokneråda. I år er fasteaksjonen 21. mars 2023. (les meir om den på side 14 og 15.)

Som ein gjorde kjent i tidlegare nr. av Hyrdingrøysta, treng ein nytt elpiano for bruk i Ålhus kyrkje, men ein har tilstelingar utanfor kyrkjene. Det er planlagt ein konsert i Ålhus kyrkje i denne samanhengen.

Det er og planlagt ein kyrkjelydstur. Les meir om den på side 9.

Ein har og gjeve innspel vedkomande tilsetting av ungdomsprest i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd.

Det vert også i år konfirmantfest der i hovudsak konfirmantar med familie og prest er hovudpersonar, men sokneråda hjelper til der det trengst.

Teateret kyrkjerottene vitjar oss i år og.

Gudstenesteplan for 2. halvår 2023 har ein jobba med, og delvis vedteke. Meir om den andre stadar i bladet.



Langebord i Helgheim kyrkje under kulturkveld

Når eg er svak då er eg sterk

«Styrken i det sårbare» var overskrifta når ein stor møtelyd frå fleire bygder var samla i Helgheim Kyrkje. Kyrkja og Folkeakademiet hadde tidlegare biskop og forfattar Per Arne Dahl, på vitjing.

Tekst og foto:
STEINAR DVERGSDAL

Dahl visste kva han snakka om. Over natta miste han hørsel på eine øyret og fekk sterk øyresus.

I sin beste alder måtte han slutte som biskop. I samtale med Inger Helene Nordeide hagla visdomsorda.

«Når du kastar maska misser du ansikt. Nei, du får ansikt!»
«Blei du frisk. Nei eg blei fri.»
«Gud har ikkje lova oss fråvær av lidning, men nærvar i lidning.»

«Går ikkje å vere sterk utan å vere sårbar.»

«Å vere sårbar handlar ikkje om å vere pinglete.»

«Treng svakheitstrening.»

«Den vanskelege bona er, la din vilje rå.»



Per Arne Dal signerar bok.

«Delt sorg er halv sorg. Delt glede er dobbel glede.»

«Vår gud er den einaste gud med sår.»

«Når eg er svak er eg sterk.»

«No må du ikkje gløyme den gode legen (Jesus).»

«Alle er vi sårbare. Alle har vi ei bor å bere.»

Samværet vart avslutta med veldekket bord i midtgangen med rikeleg og god kveldsmat til alle. Maten var dugnadsbidrag frå fleire. Eg vågar likevel denne gongen å nemne Norvald Nedrebo. Han hadde laga 100 ekte Jølstrasveler. Etter bordsetet var det ikkje ei einaste att!

Ein fin kveld og eit godt fellesskap. Takk til alle bidragsytarar!

Hege Alme medverka med flott solosong i tillegg til allsongen. Hovudpersonen signerte bøker.



Svelebakar Norvald Nedrebo og assistenten.

Skuleminne



Vi er straks klar for sommarferie og held på å førebu avslutningsfest. Ei lita frøken ser sitt snitt til å få stilt spørsmålet: – Du Inger, er det kjekt å vere lærar? – Ja, stort sett, seier eg. Neste spørsmål: – Får du betalt for det og? Ja, det kunne eg bekræfte. – Då trur eg jammen at eg vil bli lærar, var svaret.

Tekst: INGER VEITEBERG
Foto: HILDEGUNN HUUS

Å bli lærar var ikkje i mine planar, men er eit resultat av at ein lærar eg hadde på Solvang, nærast tvinga meg til å ta opptaksprøva i Volda våren 1966. Eg har ofte lurt på kva potensiale han såg i meg. Fekk spurt han ein gong, men fekk berre svaret:

– Har du angra?

Det enda med fire år på lærarskulen og start på lærargjeringa hausten 1970. Dei første åtte åra i Vevring og Naustdal, og deretter 32 år på Byrkjelo skule, som hadde endra namn til Breim skule då eg gav meg.

Skulen før og no er emnet eg fekk. Mykje endra seg gjennom mi skuletid. No er det alt elleve år sidan eg slutta, og endå meir forandring enn eg opplevde. I dei første åra mine var laurdag også skuledag. Digitale verktoy var ikkje i bildet før langt ut i, eller nesten sagt for på slutten, i mi tid i klasserommet. Læreboka, tavla, kart og veggplansjar var det vanlege. Plansjane med bibelforteljingar vil eg tru mange hugsar. Den tids kopimaskin var spritduplikatoren. Eg kan framleis kjenne på den lukta når eg tenkjer tilbake. Så hadde vi lysbildeframvisar og balloptikon. Skal tru om nokon veit kva det siste der var? Det kan eg ta muntleg om nokon lurar.



Kalenderen eg brukar har eit visdomsord kvar veke. Denne veka når eg skriv, står følgjande: *Det som gjer deg sliten er ikkje først og fremst hardt arbeid, men kjensla av å ikkje strekkje til.* (F. Hesselbein)

Det kjenner meg svært godt igjen i. Litt hadde nok alderen å seie, men eg tykte det vart meir og meir krevjande. Stadig nye planar å setje seg inn, fleire og fleire planar å lage, meir og meir krav om evaluering og dokumentasjon. Nasjonale prøver, utviklingsamtaler, måloppnåing, individuelle planar, stadig noko du kjende at du burde gjere betre, og din måte å vere lærar på var gammaldags og ut. Det vart mindre rom for egne idear og mykje ein ikkje «hadde lov» til. Lære salmar, Fader vår, syngje bordvers m.a. Det enda med å gje seg så fort eg kunne. Dette er ikkje eit innlegg i dagens skuledebatt, men når eg no på sidelinja følgjer med i media si ofte negative omtale av skulen om mobbing, (det er dessverre ikkje noko nytt) utagering, vold, udugelege lærarar, dårlege skuleresultat, blir eg lei meg på standen sine vegner.

Tilbake til spørsmålet:

– Har du angra? Det har hendt, ja, men det gjeld vel i dei fleste yrke. Eg kan framleis seie at det var kjekt å vere lærar. Men då pandemien kom var eg glad eg var ute av skulen. Alt styret med heimeskule hadde eg ikkje meistra.

Mange gode minne om både elevane, kollegaene og ikkje minst foreldra og samarbeidet med dei har eg med meg. Mange artige situasjonar og gode kommentarar dukkar opp, og eg må ha med nokre av dei.

Det gav stor meistringskjensle å knekkje lesekode. Og når eleven var komen der var det ei stor lette, ikkje berre for læraren, men og i heimen. Ein dag kom førsteklasingen

og leverte meldingsboka der mor hadde skrive.

– Lesinga går så fint, så eg sa til han:

– No kan du takke Gud, du har lært å lese.

Han tenkte seg om litt før svaret kom:

– Det er no i grunn ho Inger som har lært meg det.

Omgjering frå dl til L er ikkje beinkløyvt heller. Ei matteoppgåve høgare opp i trinna: Eit fly går frå Amsterdam til San Fransisko. Det er 410 passasjerar om bord. Dei får servert tre måltid på turen, pluss fire gonger til med drikke, 3 dl kvar gong. Kor mykje drikke må flyet ha med? Eit raskt overslag vart 8000 dl. Kor mange liter er det då. Svaret eg fekk var 8 liter.

– 8 liter, tenk deg 8 mjølkekartongar, er det nok til så mange? Då kjem det kjapt frå bakerste pult:

– Det må no vere like fantastisk som når Jesus metta 5000.

I ein kristendomstime hadde vi presten på besøk, (noko som var heilt innafor den gongen,) han starta med å teikne seg sjølv på tavla. Godt teikna var det, med stola- og briller, men ingen kom på, eller kanskje vågde dei ikkje, å seie at det var han, så tilslett:

– Ser de ikkje at det er eg?

– Nei, var det ein som sa, – eg tykkjer det er mykje meir likt Jesus. Presten var litt i tvil om Jesus hadde briller.

Uventa svar krydra kvardagen. Vi samanlikna tanngarden på ein katt og ein kanin. Katten er eit rovdyr, men kva kallar vi kanina: Jau, vegetarianar.

Kva heiter det når vi ser best på nært hald. Jau, då er du kortsynt.

Og ein som fekk tilsnakk fordi han ikkje hadde fått med det som var sagt:

– Du skjønar, eine øyret går ut og inn.

Elevsamtalane omhandla både fag, trivsel og framferd. En gong utfordra eg ei klasse på å komme med tilbakemelding til meg om kva eg burde tenkje på. Det var ikkje så mange som hadde så mykje å seie, men ein tok det på alvor og vågde. Vi tykkjer du blir for fort sint og kavar deg opp før du har undersøkt kva som verkeleg har hendt. Og eg kunne berre seie at akkurat slik visste eg at det var sjølv, og at det burde eg gjere noko med. Han tok meg heilt på kornet. Men så kom trøsta.

– Det gjere i grunn ikkje noko, for du blir so fort blid igjen. Takk, eg har aldri gløymt det.

No går vi mot påske og det set tankane tilbake til to vellukka prosjekt. Musikkspela vi i fleire år sette opp. «Ei glede for heile folket» til jul, og «Har du høyr det?» til påske. Begge deler framført i kyrkja. Ikkje noko spørsmål om skulegudsteneste den gong. Eit felles prosjekt for heile skulen, mykje arbeid, alle med, kostymer, rekvisittar, t.d i påskespelet, om Palmesøndag der Jesus kom «ridande» inn til Jerusalem på ein sykkel som var trekt med eit flott eselkostyme, laga av ein kreativ formingslærar. Og alle spente på om Jesus kom til å sykle seg over. Godt støtta av to læresveinar gjekk det bra. Stor songglede og meistringskjensle, særleg for solistane. Der vi avslutta om påskedag med - Har du høyr det som har hendt? Jesus har stått opp igjen. No kan gleda bryte ut!! Grava har dei funne tom, og vil du sjå, så kom! Halleluja, halleluja.....

Eit talrikt publikum fekk fylgjande helsing med heim frå presten når han takka.

– No veit i alle fall alle i kyrkja i kveld kvifor vi feirar påske. Og eg nyttar høvet no og seier god påske til alle.

FASTEAKSJONEN 2023



15 år gamle Deodata Julius var ein av dei som henta vatn.

Nizar si eventyrlege vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

Tekst og foto: ANETTE TORJUSEN, Kirkens Nødhjelp

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelausa maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom

fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først seint på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekset, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og troytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen,

noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønner. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjort i områda Mbulu og i Hayd-



Nizar t.h. møter Deodata som slepp å gå i to timar for å hente vatn.

om, viser om lag halvering av sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønnsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

Fire millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Kirkens Nødhjelp har sin årlege fasteaksjon «Håp i en dråpe vann»

Saman med kyrkjene i Norge arbeider Kirkens Nødhjelp med akutt naudhjelp og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman arbeider vi for fred og rettferd og for å redde liv. I fasteaksjonen samlar konfirmentane inn pengar til dette livsviktige arbeidet.

Ta vel imot konfirmentane, når dei ringjer på døra di, måndag 27. mars. Eller gje gåva di på Vipps 2426

Takk for at du er med!

EIN PLASS FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

I TIDA FRAMOVER HAR VI DESSE TILBODA:

25. MARS

Barneteater med Kirkerottene, Vassenden
Kyrkjesenter kl. 13.00

3. MARS OG 4. JUNI

Tårngudsteneste for 9 åringar i heile Jølster i
Helgheim kyrkje.

25. JUNI

Konsert i Ålhus kyrkje Klokkeslett kjem ved
kungjeringar i kyrkja og på info.kyrkja.no/jolster

KONTINUERLEGE TILBOD:

Babysong annankvar torsdag
kl 11.30 på Vassenden kyrkjesenter.

Torsdagsklubb på Skei
Misjonshus annankvar torsdag
kl. 17.30 (frå 4 år og oppover)

Barnekor annakvar tysdag kl 17.30 på Vassenden
kyrkjesenter (frå 4 år til og med 2. klasse).

Barnegospel frå 3. klasse og oppover på
onsdagar etter skuletid (annakvar veke på Skei
skule og Vassenden kyrkjesenter)



Speidargruppa på Skei Misjonshus på
onsdagar kl. 18 (frå 5. klasse)

Andakter Kvar 1. og 3. tysdag i månaden
kl 14.00 på Vassenden omsorgssenter og kl.
16.30 på Skei omsorgssenter.

Sjå nettsida for datoar og meir info:
kyrkja.no/jolster

Hjarteleg velkomen!



TIDEBØN og OPEN KYRKJE

Kvar tysdag er det
Tidebøn kl. 11:00 og
Open kyrkje 10:00-13:00
Vassenden kyrkjesenter.
Ei stille stund med rom
for ro og ettertanke
Unnatak: Når det er gravferd.

SONGSTUND OG ANDAKT VÅREN 2023



Andakter kvar 1. og var 3. tysdag i månaden.

Kl. 14.00 på
Vassenden
omsorgssenter

Kl. 16.30 på
Skei
omsorgssenter.



Klargjering av tipp Helgheim kyrkjegard.

Dugnad på kyrkjegardane

Kvart år, og då serleg om våren, er det trong for noko dugnad på kyrkjegardane.

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Foto: HILDEGUNN HUUS og BJØRG DVERGSDAL

Det vert liggande mykje rusk etter ein sommar, haust og vinter, og dette må ryddast.

Vi har kyrkjegardsarbeidarar som gjer mykje av arbeidet. Men frå snøen fer og til graset tek til å spire, er det ikkje lange stunda. I alle kyrkjene er det konfirmasjon i mai og så er det 17. mai gudstenester blant anna. På nemnde arrangement ynskjer ein at kyrkjene og kyrkjegardane skal framstå mest mogeleg presentable. Ein kan og nemne at det er mange som finn rekreasjon ved å gå på kyrkjegardane. I tillegg er det mange turistar som stoppar ved kyrkjene og kyrkjegardane.

Når det nærmar seg tid for dugnad, tek dei som får ansvar for dugnadane kontakt med folk som ein trur har høve til å vere med å gjere ein jobb. Blir du ikkje kontakta tyder det ikkje på at ein ikkje vil ha deg med, det er ikkje alltid at ein kjem på kven ein skal ringe. Det som vil vere bra for dei som tek ansvar for å skaffe dugnadsfolk er at ein har nokre namn på folk som kan tenkje



Dugnad på Vassenden, Dugnad kan og vere kos.

seg å vere med, og kva arbeid ein meiner ein kan vere med på.

Det er ikkje berre på kyrkjegardane det kan bli trong for dugnad. Rundt og i kyrkjene kan det vere oppgåver som kan gjerast på dugnad.

Er du ein av dei som tykkjer det er greitt å vere med på ein dugnad kan du ta kontakt med Hildegunn Huus for Helgheim kyrkje og kyrkjegard og Målfrid Kjosnes for Vassenden kyrkje og kyrkjegard og Ålhus kyrkje og kyrkjegard.

”
Eg drøymde at livet var glede.
Eg vakna og fann det var plikt.
Eg gjorde mi plikt,
og fann livet var glede.

”
Det viktigast er ikkje å
finne ut kven som har rett,
men kva som er rett.



Konfirmasjonsdatoar 2023

7. mai kl.11.00: Helgheim kyrkje
14. mai kl.1.001: Vassenden kyrkjesenter
18. mai kl.11.00: Ålhus kyrkje

Konfirmasjonane i Jølster i åra som kjem

Konfirmasjonsgudstenestene i Jølster blir slik:
1. søndag i mai i Helgheim kyrkje
2. søndag i mai i Vassenden kyrkjesenter,
Kristi himmelfartsdag i Ålhus kyrkje.



Kode B

10-åringane i Ålhus og Helgheim sokn har delteke på to kode B-samlingar og gudsteneste. Og kva betyr eigentleg «KODE B»?

Dei utforskar og vert meir kjent med Bibelen. Dei har hatt aktivitetar og leikar på samlingane og dei har delteke på gudstenestene.

Dei har få ei flott teikneseriebok, bibelen som teikneserie, boka heiter Action Bibelen, som er ei gåve frå kyrkjelyden.



Barneteater

Laurdag 25. mars
kl. 13.00

VASSENDEN
KYRKJESENTER

Kirkerottene og Viggo i Tårnet kjem til Vassenden kyrkjesenter 25. mars.

Påkesamlingar

8-årigane i Ålhus og Helgheim sokn har delteke på to Påkesamlingar. Dei deltek i gudstenesta i Helgheim kyrkje palmesøndag.

Påske – kva betyr det eigentleg?

På samlingane har dei lei-



ka, det har vore god song, dei har høyrte forteljingar, hatt formingsaktivitetar og hatt det moro saman.

På palmesøndag får dei kvar sin påskekalender, ei gåve frå kyrkjelyden



Kyrkjeskyss


Treng du skyss til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Ingeborg Slåtten tlf. 481 01 214
Inger Lind Aasen tlf. 952 47 071
Bjørg Dvergsdal tlf. 476 66 812

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND GRUPPEN
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST:svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat Tunet
- kurs og oppleving

Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

Br.S Å&Ø **Åsen & Øvrelid as**
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajakk, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



APRIL

PALMESUNDAG 02.04

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste der 8 åringane som har vore på påskesamlingar, deltek.

SKJÆRTORS DAG 06.04

Vassenden kyrkjesenter kl. 19:00

Gudsteneste med nattverd
Kveldsmat etter gudstenesta

LANGFREDAG 07.04

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Langfredagsgudsteneste med dåp og lesing av lidingsoga.

PÅSKEDAG 09.04

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd
Påskeplask etter gudstenesta

2. PÅSKEDAG 10.04.

Vassenden kyrkjesenter kl. 17:30

Påskesamling med mykje song og kveldsmat
Barnekoret og Barnegospel deltek. Det vert også påskeegg jakt.

2. SØNDAG I PÅSKETIDA 16.04

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd

3. SØNDAG I PÅSKETIDA 23.04

Vassenden kyrkjesenter kl. 17:00

Samtalegudsteneste med konfirmantane

4. SØNDAG I PÅSKETIDA 30.04

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

MAI

5. SUNDAG I PÅSKETIDA

Søndag 07.05

Helgheim kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

6. SUNDAG I PÅSKETIDA

Søndag 14.05

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

17. MAI

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste.

Ålhus kyrkje kl. 12:30

Familiegudsteneste.

Vassenden kyrkjesenter kl. 15:30

Familiegudsteneste.

KRISTI HIMMELFARTSDAG

Torsdag 18.05

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

1. PINSEDAG

Søndag 28.05

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd

2. PINSDAG

Måndag 29.05

Friluftsgudsteneste på Dvergsdalsstøy-
len. kl. 11:00

JUNI

TREEININGSSUNDAG

Søndag 04.06

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste,
Tårnagentane deltek.

2. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 11.06

Friluftsgudsteneste ved grendahuset i

Sandalen kl. 11:00

Skaparverkets dag
(dersom dårleg vær, blir gudstenesta
på Vassenden kyrkjesenter.)

3. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 18.06 kl. 11:00

Friluftsgudsteneste i Kjøsneshogen

4. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 25.06 kl. 11:00

Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

Det kan bli endringar i gudstenestelista, sjå i laurdags-Firda. Det kan vere dåp på nesten alle gudstenester, ta kontakt med kyrkjekontoret om ynskje om dåp. Nattverd er det på mange av gudstenestene.

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

12.02.23 Maja Sægrov Reiakvam

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

25.12.22 Ida Fosshem Hagen

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

10.12 Svanhild Tjomsland
og Arild Ove Brufлот

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

04.02. Marianne Rauboti Viken
og Øystein Wigestrاند

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje / Ålhus kyrkjegard

16.12. Synnøve Aalhus
17.01. Svanhild Aahaug

Vassenden kyrkjesenter/
Vassenden gravplass
29.12. Gudrun Gjesdal
31.01. Jostein Brekhhuss

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje /
Helgheim kyrkjegard
20.01. Norbjørg Sandal
24.01. Jo Gunnar Urheim
17.02. Ragnhild Øvretveit
17.02. Liv Årdal
17.03. Jon Sunde
17.03. Hallstein Dvergsdal



Oversikt over motelyden på basaren.

Basar på Misjonshuset på Skei

Søndag den 5. mars var det gudstjeneste og basar på Misjonshuset på Skei til inntekt til huset. Det var godt oppmøte på gudstjenesta, men då gudstjenesta var ferdig og basaren skulle starte kan ein seie at stor salen i misjonshuset vart i minste laget, det var det ein seier «stinn brakke».

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Foto: REIDAR HELGHEIM



Born underbeltd med song.

All ære til dei som møtte opp for det og til dei som laga til. Både bra vær og mykje sport på fjernsynet konkurrerte om publikum.

Komiteen som stod for festen trur vi levde i spenning om det var laga nok mat, for dei hadde lova mat og kaffi på basaren. Og det synte seg at alt fungerte veldig bra, kø-prinsippet når folk skulle forsyne seg fungerte, det

var nok mat og alle som skulle gjere ein jobb såg ut til å ha kontroll på sin plass.

I tillegg til komiteen var speidarar, konfirmantar, og barnegospel med fleire med å gjorde ein god jobb.

Så alle som møtte fram fekk både underhaldning, mat, og dei heldigast fekk og med seg ein gevinst.

Skei misjonshus

5. mars arrangerte vi husbasar som de ser over og fekk inn ca 20 000,-.

Vi har ca 74 000,- i faste utgifter i året. Pr. dato har vi ikkje nok på konto til å betale alle rekningar som ligg til forfall. Difor kjem styret no ut og

minner bygdefolket om at vi har eit godt og anvendeleg hus til samkømer og møter av ymse slag. Vi treng fleire leieinntekter.

Samstundes er vi frimodige og spør om nokon kan tenkje seg å gje ei gåve til Skei Misjonshus. Kontonr er 3703 20 13849.

Styret